



Frode Øvretveit  
Mykingvegen 1031  
5957 Myking

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5684 - 22/66370

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
02.09.2022

## **Ber om tilbakemelding på avløpstilhøva på eigedomen dykkar - gbnr. 33/21 Jordal**

**Tiltak:** Manglande dykk, lågt nivå og mogleg lekkasje  
**Byggjestad:** Gbnr: 33/21  
**Tiltakshavar:** Frode Øvretveit

Alver kommune har den motteke melding frå Norva24 AS den 14.07.2022 om at det ved tømning den 01.07.2022 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Mykingvegen 1031. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Det vart også registrert manglande dykk i septiktanken dykkar. Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld renskrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.12.2022.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert og nytt dykk er installert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva 24 er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Frode Øvretveit  
Vipavadee Øvretveit

Mykingvegen 1031  
Mykingvegen 1031

5957 Myking  
5957 Myking